

# Fredsdagane 1945 — sett på nytt

«31. mai 1945. Frå no er det eg som skal minnst og prøve å snakke.» Med desse orda, skrivne ned i ei dagbok på ei øy i Noreg, avsluttar Oddmund Hagen sin roman om avslutninga på den 2. verdskrigen.

## Bøker

RANDI BRENDEN

Dagbokskrivaren er Arne Nesset, ein av dei på øya som har mest å vere bitter på fienden for: Kona hans vart ved eit «uhell» råka av ei tysk kule og invalidisert både på kropp og sinn. Arne Nesset viser seg likevel å vere ein av dei få som held hovudet kaldt og tenker klart i maidagane denne fredsvåren. Han nyttar ikkje det høvet han har til å ta hemn over dei som har øydelagt livets hans. Han tar ikkje del i hemnaksjonane folket elles er så oppslukte av da dei blir fridd frå 5 års krigstrykk; hemnaksjonar som råkar dei små, men lar dei store gå fri.

## Enkeltindivid

Persongalleriet i denne vesle romanen er stort og omfattar ved sida av nordmenn frå alle leirar også tyske soldatar, russiske krigsfangar og engelsk vaktmannskap. Forfattaren legg vekt på å framstille enkeltindivid i desse massane,

enkeltindivid med ulike eigenskapar. Blant dei russiske krigsfangane finn ein overløparen som gjerne ofrar livet til kameratane, bare han sjølv kan få ein sjanse til å sleppe unna — side om side med dei mange som solidarisk deler både motgang og medgang med kvarandre. Den tyske hæ-

ren husar offiseren som lar sin «Fingerspitzgefühl» bestemme når og kor han kan skyte mot norske kvinner og menn, den slue og brutale kujonen som når alt kjem til alt først og fremst tenker på å berge sitt eige skinn. Men hæren rommar også idealisten som tar livet sitt da han innser at kampen mot bolsjevismen er tapt. Vi ser utbrot av menneskelege kjensler på begge sider av fronten — og samstundes ser vi glimt av vennskap som hadde vore muleg under andre, meir frededelege forhold.

## Tar livet av mytar

Ramma kring romanen verkar autentisk. Vi kjenner att stadsnamn i Trøndelag. Hendingane er nær knytt til data vi kjenner frå krigshistoria. Noe av stoffet er også kjent frå forfattaren si diktsamling i 1983 (*Truslar om drap, tilfeldige dødsfall*). Romanen er elles ei frittstående fortsetting av *Krigsalbum 1943*, som kom ut i 1985. Så frittstående er denne siste romanen i forhold til den første at ein med fullt utbytte kan lese desse to uavhengig av

kvarandre i den orden det passar lesaren.

## Meistergrep

Forfattaren tar livet av ein del mytar i samband med krigen; mytar knytta til enkel og svart/kvittkarakterisering av personane.

Personleg synest eg vi nå bør ta oss råd til å gi ei slik nyansert framstilling av det som verkeleg hende i 1945. Skal vi lære av krigen og den påfølgjande fredsslutninga, må vi vere viljuge til ikkje bare å skjelne svart frå kvitt, men også sjå alle dei ulike gråtonane. Men det ville vere stor urett mot forfattaren å prøve å redusere romanen hans til ei dokumentarisk beretning om krigen eller til eit pamflett mot krig og hat. I tråd med tradisjonane har forfattaren gitt stoffet sitt ei høveleg litterær form. Han nyttar dels Arne Nesset som talerør for ideane sine, men framstillingsforma er i hovudsak aural, og forfattaren kan dermed gi lesaren eit vidare perspektiv enn han kunne ha gjort om hendingane heilt og fullt hadde vore pre-

sentert gjennom synsvinkel hos personane i romanen.

Skildringa av Mannhauasteinen som ismassane i fjern fortid har gitt si særegne form og sin særeigne plass, eit litterært meistergrep. Mannhauet peikar utover ei avgrensa geografi og ei avgrensa historie. Mannhauet representerer gamle Mor Noreg og verda under skapin. Samstundes symboliser Mannhauet menneskesinnet og alle mulighetene dette har seg, både på godt og på vondt. Mannhauet symboliser menneskesinnet som opplevd og registrerer — og menneskesinnet som blir øydelagt under fredsrusen, redusert til eit silande, umælande vesen uti rasjonelle tankar.


Koseleg lesing er ikke *Mai 1945*. Til det er hendingane framleis makabre og skildringane framleis groteske. Men god lesing er romanen — noe av det beste har lese om fredsdagane vår 1945.

Oddmund Hagen:

Mai 1945

Roman

Det Norske Samlaget 1982



100893